

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	17. januar KL 18.00	frå kl 18.00 - til 21.30
Sak frå : 1/ 2012 Sak til: 7/ 2012		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Jonas Bratli, Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland.

Varamedlem:

Therese B. Ellingsund

Meldte forfall:

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 23. november 2011 vart godkjent.

Referat frå møte 28. desember 2011 vart godkjent.

Sak nr/år

1/ 2011 Meldingar

Fredag 8. februar: Kurs for gudstenesteutval i Foldnes kyrkje.

2/ 2011 Gudstenesteliste

- 27/11 Kl 11.00 Familieg. Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Redd Barna. Utdeling Mi kyrkjebok.
- 11/12 Kl 18.00 Lysmesse, Konf. presentasjon. Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.
- 24/12 Kl 16.00 Familieg. Astrid Marie Haugland. Offer: Kirkens Nødhjelp. Træet skulemusikk spelar
- 25/12 Kl 12.00 Dåp, Nattverd. Offer: Misjonsprosj. v/Leif Heggernes, Terese spelar.
- 8/1 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.

22/1 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Ungdomslaget Sårkornet N. Haugland.
5/2 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Bibelselskapet.

3/ 2011 Gudstenesteutval, Val av kandidatar til frå Herdla.

Valet vert gjort etter kurset på Fjelly 20-21. januar.

4/ 2011 Elektronisk terminal. Sak frå førre møte.

Soknerådet ynskjer meir informasjon om kostnad og praktisk gjennomføring før handsaming av saka.

5/ 2011 Oppvaskmaskin. Sak frå sist møte.

Etter synfaring på kyrkjelydsarbeidaren sitt kontor, vil soknerådet be fellesrådet montere ei oppvaskmaskin der det no står eit skap som ikkje er i bruk.

6/2012 Innføring i Powerpoint

Martin viste korleis vi kjørte Powerpoint på datamaskina under gudstenesta, utan at det vart vist på veggen, fordi prosjektoren ikkje ville starte.

Dei som ville fekk prøva programmet.

7/2012 Lysgloben

Lysgloben vart flytta tilbake til inngangsdøra.

7/2012 Glasmaleri

Det har lenge vore snakk om å få montert eit glasmåleri i dåpssakresstiet til 150-årsjubileet for kyrkja. Helge spør Kjell Bergsvik om han vil lage eit utkast til motiv.

Finansiering er tenkt som ei folkegåve, der privatpersonar og bedrifter kan bidra.

Den praktiske gjennomføringa vil vi koma tilbakt til.

Eventuelt:

Neste møte: tirsdag 14.februar 2012

Heggernes, 18. januar 2012

Helge Heggernes

skrivar (sign)